

– Det finst ingen «snille» automatar

– Eg vert eitrande sinna når eg høyrer Norsk Tipping snakka om dei nye, «snille» speleautomatane som skal innførast frå nyttår!

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Det seier Lill-Tove Bergmo i foreininga Pårørende til spilleavhengige.

Her til lands vert det rekna med over 70.000 speleavhengige og 130.000 spelarar som er i faresona. Onsdag slo EFTA-domstolen fast at Norsk Tipping's spelemonopol ikkje er i strid med EØS-avtalen.

Det inneber at Norsk Tipping får ha einerett på drift av speleautomatar, slik kulturministrane Valgerd Svarstad Haugland og Trond Giske har ønskt.

Vedtaket medfører at Noreg kjem til å vera eit land utan speleautomatar frå 1. juli, men berre i 184 dagar – fram til Norsk Tipping utplasserer nye automatar ved nyttår.

– Korleis reagerer du på vedtaket i EFTA-domstolen, Lill-Tove Bergmo?

– Eg var langt nede då eg fekk høyra det. Utgangspunktet vårt før Trond Giske uttalte seg i fjor haust, var at me hadde eit val mellom to vonde. Det eine vondet var monopolet, det andre var dagens regime. Me meinte at det var lettare å påverka *ein* aktør, og difor ville me heller ha monopolet. Men i haust uttalte Giske at dersom Noreg taper rettssaka, ville han innføra totalforbod mot speleautomatar. Naturlegvis var dette musikk i våre øyro, og difor har me det siste halvåret vona at Noreg skulle tapa rettssaka i EFTA-domstolen. Difor vart me svært deprimerte då avgjerda kom.

– Men politikarane tykte om vedtaket?

– Ja, eg vart møka lei av å høyra korleis dei uttalte seg. Dei hevda til og med at vedtaket var ein siger for dei pårørande til spelarane, men ikkje ein einaste

pårørande eller spelar vart intervjuet. Eg er sikker på at hadde du ringt dei, hadde dei ikkje sagt at det var ein sigersdag, men i spelpolitikken er det likevel ein siger.

– Norsk Tipping lovar nye, «snille» automatar over nyttår?

– Dei er verken «snille» eller ufarlege. Eg kan ikkje skjønna at folk kan stå fram i fjernsynet og hevda at desse automatane kjem til å skapa færre problem. Det er tull å hevda noko slikt. Det er eitt føremål også med dei nye automatane, og det er å sopa inn pengar. Direktør Reidar Nordby hevdar at Norsk Tipping skal skapa gledesspelarar, men ein treng ikkje vera særleg gløgg for å skjønna at ein speleavhengig aldri kan verta ein gledesspelar. Direktøren bør setja seg inn i problematikken før han seier slike ting. Når det vert hevda at det alltid vil vera einskildpersonar som får problem, så høyrest det i mine øyro ut som dei seier at det ikkje er så nøye med familiane som må lida. Eg vart kraftig provosert av dei kommentarane som fall etter vedtaket i EFTA-domstolen. Hadde eg møtt direktør Nordby i dag, så hadde eg ikkje vore nådig.

– Men likevel må det vera positivt med berre éin aktør bak speleautomatane?

– Ja, det er svært positivt å få alle automatane i eitt nettverk. Det er fort gjort å fjerna eitt spel frå alle automatane samstundes. Dessutan kjem spelinga til å ta lengre tid. I dag tek eitt trykk eitt sekund, og du kan spela bort ei månadsløn på ein time. Det nye systemet inneber at du kanskje må bruka tre timar på å kvitta deg med ei månadsløn.

– Den nye automaten vert ikkje så fargerik og tiltrekkjande?

– Nei, han er utan fengjande lys, skarpe fargar og ser meir keisam ut. Vinn ein toppvinsten på 1500 kroner, får ein ikkje pengar, men ei kvittering. Den må ein levera i kassa, og der har dei plikt til å spørja etter legitimasjon – om dei er usikre på alderen. Mindreårige får ikkje ut pengane, men det er ikkje nokon «snill» automat som *ikkje* gjer folk avhengige.



– Kjem PTS-foreininga til å kjempa mot dei nye automatane?

– Organisasjonen skal drøfta dette neste helg, men eg vil kjempa mot. Etter å ha høyrte om dei nye automatane kjenner eg at engasjementet og motivasjonen for å retta blikket mot Norsk Tipping er på topp. Me treng ikkje speleautomatar. Me har Lotto og Extra. Me kan halda oss til det!

– Du er overtydd om at speleautomatane framleis kjem til å gjera folk speleavhengige?

– Det er eg ikkje i tvil om!

– Kjem dei 184 dagane utan speleautomatar til å hjelpa til med å verta kvitt spelegalskapen?

– Eg vonar at det kjem til å ha ein positiv effekt, men eg har inga aning om det kjem til å gje resultat. Me veit at mange spelarar seier at når dei ikkje har tilgang, har dei heller ikkje trong for å spela. Men det finst nok ekstremspelarar som spelar same kva, seier Lill-Tove Bergmo.